

**Eit halvt år etter at firmaet Direct Connect lova at breibandet skulle vera på plass øvst i Uskedalen har framleis ingen ting skjedd og no er folk lei av løftebrota. Tore Mathiesen, initiativtakar i saka, seier til Kvinnheringen at kommunen må finna ein annan leverandør hvis breibandet ikkje er på plass i løpet av august.**



Direct Connect finn stadig nye orsakingar. Fyrst fekk dei ikkje tilgang til ei mast på Ølve og no må dei venta på montørar. Folk i Uskedalen har mista all tillit til selskapet.

Tore Mathiesen: - Må eventuelt finna ein annan leverandør. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dagleg leiar Jan Tore Dannemark lovar at breibandet skal vera klart i alle husstandar før 15. august. No har dei fått tilgang til Netcom-masta, men det er ikkje montørar tilgjengelege. Dannemark innrømmar at dei ikkje tok godt nok omsyn til mogleg klaringstid med Netcom i anbodet i Kvinnherad.

Av Ola Matti Mathisen